



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/1124-5

Skriv og meldingar 18. september 2019 - hovudsamarbeidsutvalet

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Meldesak 1) Status regionreforma

- ✓ Det blir fortløpende lagt ut informasjon om regionreforma på vårt [intranett](#).
- ✓ [Sjå «Treffpunkt Vestland» her](#)
- ✓ [Vestland fylkeskommune](#)
- ✓ [Allmøte 14. juni her](#) den sjette i rekka denne våren 2019

Meldesak 2) Frå PORTALEN - nyhende frå Personal

- ✓ [Eitt varsel om varsling!](#)
 - «Subjektive opplevelser av egen arbeidssituasjon og relasjoner til ledere og andre kollegaer egner seg dårlig for objektiv behandling gjennom varslingskanalene på arbeidsplassen». Hans Morten Skivik er spesialist i konfliktmekling, forfattar og programdirektør ved AFF Solstrandprogrammet. Hans Morten skriv ein viktig åtvarande artikkel om manglar i den nyleg framlagde [NOU 2018:6](#) om endingar i varslingsreglementet. Kjelde Dagens/Perspektiv 23.4.2019.
 - Endringane i lova tek til å gjelde 1. Januar 2020 og betyr viktige presiseringar og konkretiseringar, først og fremst av omgropa «kritikkverdige forhold», «forsvarlig fremgangsmåte» og «gjengjeldelse». Målet er å gjere det tydeleg og enklare for verksemndene å følgje avgjerdene. Endringa er også med i arbeidsmiljøloven sin formålsparagraf (§ 1-1). I paragrafen sin bokstav C heiter det no at loven sitt føremål er: *"å legge til rette for et godt ytringsklima i virksomheten"*.
 - Arbeidsmiljøloven sine avgjærder om varsling i kapittel 2 a er endra. Med denne endringa vil det bli eit auka fokus på at krava til etablering av varslingsrutinar og informasjon til de tilsette. Arbeidstilsynet skal ha ein sentral rolle, både som rettleiar («varslingsombod») og å sjå til at reglane vert haldne.
 - [Du kan lese meir her](#)
 - [Dern nye lovteksten finn du her](#)
- ✓ [Nytt om ting-, personal- og elevforsikringar!](#)
 - Vi har no fått ny forsikringsmeklar som også vil vere den som skal samarbeide med oss i nye Vestland fylkeskommune. Ver god å informer dette til alle tilsette og gjerne som ein skriv & melding til LAMU. Kontaktpersonane i sentraladministrasjonen er som før Geir Afdal på tingskade, Arvid Stenehjem og Inger Karin Slinde på elev- og personalforsikringar.
- ✓ [113.no er oppretta](#)
 - Alle kan registrere plasseringa av sine hjartestartarar i dette offentlege registeret. Naudnummeret 113 vil som før vere akuttnummeret du ringer. Denne nye hjelpesida er

for å få større kunnskapar om livreddande førstehjelp og ein stad der ein i kart kan finne den nærmaste hjartestartaren.

Meldesak 3) Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv – svar til kontrollutvalet v/sekretariatsleiaren

Innan fristen den 31. august 2019 svara fylkesrådmannen til forvaltningsutvalet sitt sekretariat korleis fylkestinget sitt vedtak har vore følgd opp og om vegen vidare. Som vedlegg her ligg svarbrevet sak 18/5878-15 med alle tilhøyrande vedlegg.

Meldesak 4) Statistisk sentralbyrå SSB melder om stabilt sjukefråvær

Det sesong- og influensajusterte sjukefråværet var på 5,9 prosent i 2. kvartal 2019. Dette er omrent uendra dei siste sju åra. Nivået på sjukefråværet er ikkje kome nærmare IA-avtalen sine mål om 10 prosent reduksjon for perioden 2019-2022.

<https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/stabilt-sykefravaer-2kvartl2019>

Meldesak 5) Innspel frå FHVO Olav Vestrheim – program for kontaktmøtet 2019

«Kontaktmøtet» har lange tradisjonar i vår fylkeskommune. Det var i mange år eit sammøte der dei fylkeshovudtillitsvalde og hovudverneomboda kunne møtast. Frå Frm-personal (fylkesrådmann sin stab) organiserte vi arrangementet, men let programinnhaldet bli bestemt av desse nemnte gruppene. Vi bruker/har sjølv sagt brukt høve til å gi informasjon om aktuelle saker og om status for hms-arbeidet og om status i løns- og tarifforhandlingane.

I dei seinare åra vart behovet for å informere dei fylkeshovudtillitsvalde gjennom kontaktmøtet mindre. Det informasjonsbehovet vart stetta i andre fora. Vi vidareførde samlinga for hovudverneomboda med FHVO som med-arrangør. FHVO Olav Vestrheim har nytta dette høve ein gong tidlegare – forsømte seg i 2018 – og vil altså no setje saklista. Det står han fritt til. Han ber også om at dette innspelet vert sett på sakskartet her under skriv og meldingar.

Vedlegg: 19/2002-1 og 2 , der 2 viser mitt tilsvarende som orientering til kopimottakarane.